

# Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø



# Innhald

Formålet med planen.....	2
Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø.....	2
Lovgrunnlaget .....	3
Definisjonar.....	4
Førebygging og personalet sine plikter.....	5
Barnehagemiljø .....	6
Leik – vennskap - relasjonar.....	6
Personalalet .....	6
Foreldresamarbeid.....	7
Oppfølging når uønska atferd oppstår.....	8
Vedlegg 1.....	10
Vedlegg 2.....	11
Vedlegg 3.....	12

## Formålet med planen

Eit godt psykososialt barnehagemiljø er avgjerande for barna si læring og trivsel. Barn skal oppleve eit trygt og godt barnehagemiljø. Å ha eit godt psykososialt barnehagemiljø er heilt avgjerande for å kunne forebygge mobbing og krenking. Det skal vere nulltoleranse mot mobbing og krenkingar i barnehagen.

Det har vore eit aukande fokus siste åra på at mobbing også skjer i barnehagen. I barnehagen snakkar ein om mobbeatferd. Frå 1.jan 2021 fekk barnehagelova eit nytt kapittel som omhandlar det psykososiale barnehagemiljøet

Barnehagen skal vere ei helsefremjande og forebyggande arena og skal handle raskt og gjere grep for å forhindre mobbeatferd og krenking før det vert eit mønster.

Personalalet sin kunnskap er avgjerande for avdekking av mobbing og det forebyggande arbeidet. Det er difor særsviktig at det vert jobba systematisk med å auke kompetansen innanfor dette. Relasjonskompetanse vert difor særsviktig. Personalalet i Solsikka barnehage har i fellesskap jobba ut innhaldet i planen gjennom refleksjonar og gruppearbeid som starta i 2019. Foreldra vart også tatt med i refleksjonar og gruppearbeid i høve innhaldet. Pga koronasituasjonen vart denne lagt på is ei god stund, men den vart godkjent i SU 4.oktober 2021 og den erstattar «handlingsplan mot mobbing» som vi har hatt.

Vi ynskjer at denne planen skal vere eit verktøy først og fremst for personalet, men også heimane har eit stort ansvar i arbeidet med å forebygge og forhindre krenkande ord og handlingar i barnehagen. Den skal ha ein førebyggande funksjon og skal legge vekt på verdiar, haldningar og handlinga blant dei tilsette, for å skape eit godt barnehagemiljø tufta på vennskap og fellesskap.

## Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø

### Målet vårt : Sikre at alle barn i Solsikka har eit godt psykososialt barnehagemiljø!

For å skape gode vilkår for trivsel må vi jobbe heilsakleg, langsiktig og systematisk med miljøet og kulturen i barnehagen. Trygge vaksne som har kompetanse, mot og vilje til å arbeide forebyggande, til å avdekke og motvirke krenkande handlingar og til å følgje opp at tiltaka virkar er viktige faktorar for å lykkast.

Vi må jobbe med bruke tid til refleksjonar i personalgruppa og vi må vere klar på den enkelte sitt ansvar. Vi treng å ha eit godt samarbeid med foreldra. Det å snakke positivt heime om barnehagen og alle barna i barnehagen er viktig i dette arbeidet. Å reflektere med barna i høve diverse og tema vennskap og korleis vere med kvarandre, er viktig og både som forebyggande, men også viktig i situasjonar der barna testar ut diverse atferd og samspel.

# Lovgrunnlaget

## FNs Barnekonvensjon

Barn og unge har rett til utvikling, få medverke, omsorg og beskyttelse, sjølvrealisering og ikkje-diskriminering.

Dei har rett på eit oppvekst og læringsmiljø utan mobbing.

Dette vert vidareført og ansvarleggjort i formålsparagrafen i barneagehagelova og rammeplan for barnehagen.

## Rammeplanen

«*Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing. Om eit barn vert krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. (...) Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap»* (Rammeplan for barnehagen 2017, s. 11).

## Barnehagelova

### § 1 – Formål

«*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arb og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».*

### § 41 Nulltoleranse og forebyggande arbeid

«*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna».*

### § 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

«*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det. Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeeieren i alvorlige tilfeller. Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering. Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå:*

- |  |  |
|--|--|
| a) hvilke problemer tiltaka skal løse    | d) hvem som skal gjennomføre tiltakene |
| b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt | e) når tiltakene skal evalueres        |
| c) når tiltakene skal gjennomføres       |  |

### § 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

«*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utesenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeeieren.*

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utesenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeeieren direkte».*

# Definisjonar

Eit barnehagemiljø består både av fysisk og psykisk miljøet. Barnehagen skal fremje eit inkluderande og stimulerande miljø der alle barn skal oppleve å bli sett og få delta i leik. Miljøet skal støtte opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Det vert difor viktig at vi legg til rette for gode fysiske leikmiljø i barnehagen, både ute og inne. Vi skal legge til rette for at alle opplever god helse, trivsel, læring og utvikling.

Det psykososiale miljøet i barnehagen består av psykologiske og sosiale forhold og samspelet mellom desse. Psykisk helse forbinder ein med oppleving av tryggleik, meistring, nærbetegnelse og livsglede. Tilhøyre og tryggleik er avgjerdande for små barn si natulige utvikling. Ein føresetnad for å få dekt desse behova er stabile, positive relasjonar med andre barn og vaksne.

Omgrepet mobbeatferd vert brukt om barnehagebarn sine negative handlingar mot kvarandre. Barn prøvar ut ulike sosiale strategiar. Begyndande mobbeadferd kan føre til at sosiale mønster vert etablert og då kan mobbing også skje i barnehage.

Krenking er samlebegrep for ord eller handlingar som opplevast negativt. Det omfattar alt frå enkeltståande ytring eller handling, til gjentatte episoder. Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespredning eller andre handlingar som gjer at barn opplever uthyrighet, ubehag eller ikkje kjenner seg inkludert i fellesskapet. Det kan vere både barn og vaksne som krenkar.

Utestenging - Når eitt barn spesielt, gjentatt blir holdt utanfor leiken eller den sosiale interaksjonen mellom andre barn. Det handlar då om ei systematisk handling for å hindre at ein barn (eller fleire barn) får kome inn i det sosiale miljøet. Det gjeld både aktive og passive handlingar. Gjentaking er eit viktig stikkord.

Nulltoleranse – er ikkje så lett å definere, men i Prop.96L som blant anna omhandlar endringane i barnehagelova presiserast dette «Nulltoleransen inntrer ved situasjonar der personalet objektivt sett kan fastslå at det foreligger en krenkelse» Personalet skal alltid gripe inn dersom ein ser at ein barn blir utsett for krenking av andre barn eller ansatte.

Mobbing kan definerast på ulike måtar. Forsking knytt til dette begrepet oppimot barnehagebarn har gitt oss fleire perspektiv på mobbing. Vi forstår mobbeatferd slik:

**Barn som utsettes for negative hendingar frå andre i leik og samspel, der dei opplever å ikkje være ein betydningsfull person for fellesskapet (Lund og Helgeland 2015)**

Direkte mobbing kan vere fysisk eller verbalt: skubbing, slag, truing, erting, kalling, latterleggjere

Indirekte mobbing i barnehagen handlar ofte om utestenging frå fellesskapet i leik eller aktivitetar, snu ryggen til, la vere å svare og liknande

Fysisk mobbing:	Verbal mobbing:	Relasjonell mobbing:
✓ skubbe ✓ slå ✓ stikke ✓ sparke ✓ rive leiker frå ein annan	✓ Kallenamn ✓ erting ✓ Truslar ✓ Fornærme ✓ Kommentere andre negativt	✓ Eksludering ✓ Utestenging ✓ Spreie rykter ✓ Få andre til å skade nokon ✓ Gjere grimasjer ✓ Lage reglar for dei andre eller bestemme over andre

Små barn: Små barn kan skubbe, bite og slå. Dette er ein del av utviklinga til barna og ikkje nødvendigvis mobbing. Men dersom barnet gong på gong blir plaga eller erta må ein ta opp dette med barnehagen.  
(Ildsøe og Roland, 2017 - boka «Mobbeatferd i barnehagen»).

# Førebygging og personalet sine plikter

Mobbing har dårlege vekstvilkår i barnehagar, der vaksne vågar å stille kritiske og opne spørsmål til seg sjølv, samtidig som dei styrkar alt det relasjonelle arbeidet som fremjar god leik, humor og tryggleik. Samtidig må personalet som jobbar i barnehagen ha forståing for kva mobbeadfert og utesenging inneber og artar seg. Aktivitetsplikta og konkretiseringar slik vi ser det;

**Plikt til å følgje med** – ved å vere nær og tett på og observere samspelet mellom barna har vi anledning til å avdekke uheldige samspelsmønster tidleg. Jamnleg bruk av relasjonshjerte (*vedlegg 1*) mellom barn og vaksne i gruppa, er eit viktig reiskap der ein kan avdekke uheldige mønster. Å ha mindre leikegrupper gjennom dagen gir godt rom for observasjon. Å samtale med barna om korleis barna har det i barnehagen, enten systematisk eller i dagleg samtalar eller å fange opp kva barna pratar om seg imellom gir oss gode signal for trivselen til barna. Samtidig er ein sensitive for barna sine uttrykk eller foreldre sine uttrykk for mistrivsel eller utrygt barnehagemiljø. Difor forutset det at vi skaper eit godt samarbeid med heimane. Ein er også sensitiv for endringar i barna sin atferd eller endringar i dei sosiale strukturane i barnegruppa.

**Plikt å gripe inn-** Alle i barnehagen skal stoppe negativ atferd. Vi har nulltoleranse mot mobbing og krenking. Det betyr at derom du oppdager at eit barn opplever krenking har ein plikt til å gripe inn i situasjonen og stoppe den.

**Plikt å varsle** – Alle barn skal oppleve eit trygt og godt barnehagemiljø. Dersom ein mistenker at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø eller ein har måtte stoppe krenking/mobbing, skal styrar varslast. Ein skriv ned kva som er bekymringa og varslar styrar og pedagogisk leiar. Styrar har også plikt til å melde frå til barnehageeigar i alvorlege tilfeller.

**Plikt å undersøke** – Når styrar mottek varslar skal det iverksettast undersøking. Ein samlar saman observasjonar. Det kan vere skrifflige observasjonar, refleksjonar/drøftingar i personalet på gruppa, barna sin utsagn, heimen sine utsagn osv. Ein må kanskje gjere nye undersøkingar/kartleggingar i miljøet. Dersom ein utifrå undersøkingane finn at eit barn har eit utrygt barnehagemiljø skal tiltak settast inn. Styrar og pedagogisk leiar går grundig gjennom all dokumentasjonen og set inn eigna tiltak, samt set i gong samarbeid med heimen.

**Plikt å sette inn tiltak og lage aktivitetsplan** – barnehagen tek kontakt med heimen og dokumentera etterkvart både tiltak og vegen vidare. Her står kva som er problemet, kva tiltak ein har, kven som har ansvar for kva, og når ein skal evaluere planen. Evt. ta kontakt med fleire instansar, dersom ein treng det.

**Skjerpa plikt til å seie ifrå** – Dersom vaksne krenkar barn skal vi alltid stille spørsmål til kollegaen vår om kva som er bakgrunnen for at vedkomande vel den strategien ein gjer. Dersom ein ser/opplever dette skal ein alltid gripe inn. Dette gjeld også dersom heimen eller personar rundt barn krenkar barnet.

Alle som er innom barnehagen skal vere godt kjent med desse pliktene. Det gjelde både fast tilsette, vikarar, reinhaldarar og foreldre.



# Barnehagemiljø

Eit godt barnehagemiljø meinar vi i Solsikka er prega av desse hovudpunktta:

- ✓ Tryggleik, tilhøyre og trivsel
- ✓ Inkluderande fellesskap
- ✓ Profesjonelle vaksne som opparbeidar gode relasjonar til og mellom barna
- ✓ Profesjonelle vaksne som er gode rollemodellar og rettleiar barna

Vi ynskjer at alle barn som går i Solsikka barnehage skal føle seg trygge og ha gode relasjonar til både barn og personale. Dei skal oppleve vennskap og trivsel i gruppa. Barna skal kjenne seg verdifulle og kjenne at dei betyr noko for fellesskapet. Dei skal oppleve meistring i kvardagen som gir utvikling. Dei skal møte varme personale ser, hører og til rette legg for barn, og som alltid har eit fang til dei som treng det. Dei skal møte emosjonelt tilgjengelege vaksne som bygger eit stimulerande miljø med nyfikenhet og undring, og som bygger fellesskap og samhald i gruppa gjennom felles opplevelingar. Barna skal oppleve eit leikande miljø fylt med omsorg og respekt, glede og humor i kvardagen. God organisering og forutsigbarhet i kvardagen, samt godt samarbeid og samspel er viktige faktorar for å lykkast!

Trivselen og den allsidige utviklinga til barna og barnegruppa skal observerast og vurderast fortløpende jf. Rammeplanen. Dette gjer at ein heile tida må vere nær for å observere kulturen og miljøet i barnegruppa og jamnleg snakkast om trivsel, atferd og vennskap i barnehagemiljøet.

*Les meir utfyllande om den viktige vaksenrolla i «Lokal rammeplan i Vanylven kommune» som også personalet i alle barnehagane har vore med å utarbeide.*

## Leik – vennskap - relasjonar

Leiken er det beste måten å bli inkludert i barnefellesskapet på. Leiken skal ha ein framtredande plass i barna sitt liv i Solsikka barnehage. Vi må ha kunnskap om vennskap og korleis legge til rette for det for å lykkast

### VENNSKAP – korleis er vi med å bygge gode vennskap?

- Fokus på relasjonar og veit verdien av dette og jobbar for å få til dette mellom barna
- Gjere kjekke ting ilag, bruke tid ilag. Vise interesse for kvarandre.
- Fellesopplevelingar og felles fokus gjennom positive erfaringar
- Øve på turtaking, øve på å få bestemmer kvar sine gongar
- Barn treng også å øve på å «avvise» kvarandre på ein god måte, td seie frå at ein er ueinig eller ikkje vil leike akkurat det no.
- Vaksne må ta ansvar for å styrke dei positive sidene i vennskapet og dempe dei mindre gode
- Ha fokus på leiken og gi barna god leikekompetanse, samtidig som ein også skjermar god leik og legg til rette for å utvikle leiken. Dele opp i mindre leikegrupper kan vere greitt også.
- Rose positive handlingar og atferd og få barna til å føle seg trygge ilag
- Vaksne må vere positive i møte med barna, og stundom vere stemma til barnet i møte med andre barn
- Involvere foreldra og oppmode til å arbeide med vennskap også på fridita
- Barn som går åleine må hjelpast til å finne andre barn og treng vaksne som hjelper og støtter dei
- Miljø prega av glede og latter vil alltid vere ein god føresetnad for å bygge relasjonar
- Framsnakke kvarandre og ros, vil vere med å gjere ein interessante for kvarandre

## Personalet

Personalet skal ivareta barna og sikre at dei vert ein del av eit inkluderande og trygt barnehagefellesskap.

Personalet skal arbeide for at barna verken opplever å bli krenka eller at barna kjem til å krenke andre i framtida.

Haldningsarbeidet til personalet som jobbar i barnehagen er avgjerande for korleis barnehagen handtera og grip tak i uønska atferd og mobbeatferd.

Den vaksne er modell for barna sitt møte med andre. Personalet sin forståing av barn og barna si atferd er grunnlaget for korleis den vaksne ser, reflekterer, handlar og evaluerar eigen praksis i arbeidet.

Vi skal heile tida jobbe mot å skape og oppretthalde eit godt psykososialt og inkluderande miljø i barnehagen. For å lykkast i det, må ein jobbe proaktiv og forebyggande. Ein må ta tak i all negativ atferd, også små bagatellar, slik at barna får øve og reflektere over gode samspelsmønster i kvardagen. Barn treng veiledning og erfaring på kva som er akseptabelt og ikkje, og lærer barna å handtere og forstå slikt i barnehagen er det større sannsyn for at dette vil bidra til gode samspelsmønster i framtida også.

Personalet skal skape eit godt psykososialt miljø i barnehagen og har ansvaret for det!

#### **I Solsikka barnehage meina vi blant anna desse eigenskapane er forutsetningar for vaksenrolla for å få til dette:**

- Å vise rausheit, empati og forståing
- At ein er ein varm vaksen som gir varm omsorg til barna
- At ein frå fyste stund jobbar med å skape gode og trygge relasjonen med kvart barn, gjennom å bruke tid, er engasjert og interessert.
- Er nær og leikande og legg til rette for barna sin leik og utvikling.
- At ein viser barnet at ein bryr seg om dei og er støttande og er til å stole på
- At ein klarar å forstå barnet sine behov og har vilje til å sjå og legge til rette
- Vi veit at vi er rollemodellar – og tek ansvar om ikkje ting går heilt som vi har tenkt
- Gir ros og omsorg, tek barnet på alvor
- Er tydelege vaksne som er trygge på rolla si og som tek barna på alvor, også når ting er vanskeleg
- Er samarbeidande og løysingsorientert.

Utifrå dette skal personalet vere med å skape eit trygt og utfordrande barnehagemiljø der vennskap og aktiv deltaking i fellesskapet står høgt.

*Les meir utfyllande om den viktige voksenrolla i «Lokal rammeplan i Vanylven kommune» som også personalet i alle barnehagane har vore med å utarbeide.*

## Foreldresamarbeid

Det er barnehagen sitt ansvar å legge til rette for eit foreldresamarbeid som bidreg til å forebygge mobbing og krenkingar. Foreldra skal takast med i arbeidet for eit godt psykososialt miljø både gjennom informasjon og medverknad. Barnehagen skal legge til rette for dialog prega av openheit og likeverd. Foreldra skal kunne vere sikre på at barnehagen tek kontakt med dei, dersom dei opplever at barnet deira er involvert i ein uønska hending. Det skal vere lav terskel å melde til barnehagen dersom foreldre opplever endra atferd eller mistrivsel hjå barnet sitt.

Foreldre og barnehagen har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen. Det er eit felles ansvar å forebygge mobbing.

Foreldra er barna sine viktigaste rollemodellar og må vere medvitne på kva dei seier og korleis dei uttrykke seg når barna er tilstades.

#### **Kva kan foreldre gjere for å forebygge mobbing?**

- Hels på alle barn og vaksne i barnehagen. Snakk aldri nedsettande om personalet, dei andre barna i barnehagen eller foreldrene deira.
- Meld i frå til barnehagen dersom de oppdagar at erting/mobbing førekjem blant barna.
- Gje tilbakemeldingar til barnehagen på barnet sin trivsel og opplevelingar.
- Ver gode rollemodellar for borna. Ver bevisste på korleis de ordlegg dykk og bruk gode ord om og til kvarandre.
- Ver støttande i å skape eit inkluderande miljø i barnehagen. Eit døme på dette kan vere å invitere barn med heim - legge opp til vennskap
- Vi oppfordrar foreldre til å vere inkluderande når ein invitera til bursdagsselskap. Invitasjonar må de ordne med utanom barnehagen.

- Vi oppfordrar heimane til å delta på fellesarrangement både i barnehagen og utanom. Dette er med på å gjøre at foreldre/heim seg i mellom får gode møteplassar. Når barn ser at vaksne har god kontakt styrkar dette også samhaldet hjå barna.

## Måtar å avdekke mobbing og krenkingar


- Observere og kartlegge samspel barn–barn og barn–voksen i leik og kvardagssituasjonar i bhg. Dette skal gjerast jamnleg.
- Barneintervju eller kvardagssamtale med barn, lytte til deira eiga oppleving.
- Oppfordre barn til å seie ifrå til personalet om uakseptabel aferd, og møte dei med anerkjenning dersom det skjer.
- Oppfatte tidleg signal på mobbing ved hjelp av kunnskap og bevissthet rundt negative aferdsmønster.
- Bli godt kjent med barna og legge merke til korleis dei har det, oppdage endringar og finne moglege årsaker til desse.
- Observere og reflektere over personalet sin åtferd i lys av felles verdiar og haldningar.
- Personalet diskutera og reflekterer over kultur/ukultur i barnehagruppa. Fokus på barnehagemiljøet.
- Gjere kartleggingar av relasjonar, bruk gjerne relasjonshjertet (vedlegg 1).

## Oppfølging når uønska aferd oppstår

Dersom ein opplever uønska negativ aferd i barnehagen skal ein raskt gripe inn. Vi har lav terskel for dette og det treng ikkje å vere at det er mobbing, men vi skal stoppe all negativ og uønska aferd som kan bli mobbeatferd. Det vert difor viktig å vurdere alvorleghetsgrada og konteksten handlinga skjer i, for å kunne vurdere kva oppfølging hendinga skal ha.

- Gripe inn og stoppe uønska aferd
- Reflektere rundt situasjonen med dei involverte barna, enten med ein gong eller litt etterpå, alt etter kva situasjon det er. Ein får ofte gode samtalar med barna og alternativ på positive handlingar ein heller kunne gjort, eller kva som er lurt å gjere dersom nokon vert lei seg på grunn av mine handlingar. I etterkant av ei slik hending skal ein undersøke relasjonane rundt desse barna. Gjennom observasjon får ein kartlagt om det er ei enkelhending eller om der kan vere noko meir. (Er den som oppdaga dette ikkje ein del av personalet rundt barnet, må det sjølvsgatt gis info om det vidare til dei som kan undersøke meir).
- Dersom dette er alvorlegare hending som kan føre til mobbeatferd, har ein sjølvsgatt refleksjonar rundt det med dei involverte, men ein skriv det ned i bekymringsskjema (vedlegg 2) Og ein skriv også inn korleis ein vil følgje opp og undersøke dette vidare. Samtidig informerer ein heimen om opplevinga og kva ein vil gjere vidare. Ein skal alltid informere personalet på avdelinga og styrar om dette. Pedleiar og personalet er ekstra på vakt etter gjentaking og legg ein plan for gruppa, alt etter situasjonen.
- Dersom dette er mobbeadferd, gjer ein som skissert før. I tillegg gjer ein avtale om eit møtepunkt med heimen der ein lagar ein aktivitetsplan med konkrete tiltak som skal følgast opp. Dette er viktig å gjøre så tidleg som råd. (vedlegg 3). Ein avtalar ei oppfølgingsmøte
- Dersom aktivitetsplanen ikkje har ført til vesentleg bedring, må ein kalle inn til nytt møte og ny aktivitetsplan med andre tiltak. Om dette ikkje gir endring skal ein kontakte helpeapparatet, som då er Familie og læringssenteret i kommunen.

## Flytskjema



## Litteraturliste

- Barnehagelova, 2006
- Rammeplan for barnehagen, 2017
- Lokal rammeplan for barnehagane i Vanylven kommune
- Årsplan for Solsikka barnehage
- «*Mobbeatferd i barnehagen. Temaforståelse-forebygging-tiltak*» Idsøe og Roland, 2017
- «*Barn sin trivsel -vaksne sitt ansvar. Forebyggande arbeid mot mobbing startar i barnehagen*» Utdanningsdirektoratet
- Stortingsmelding 19 «*Tid for lek og læring- betre innhald i barnehagen*» 2012
- «*De er jo bare barn; om barnehagebarn og mobbing*» Ingrid Lund, 2015
- «*Partnerskap mot mobbing. Sammen om et inkluderande lærings og oppvekstmiljø 2016-2020*» Regjeringa 2015.


## Aktuelle nettsteder

- [www.nullmobbing.no](http://www.nullmobbing.no)
- [www.læringsmiljøsenteret.no](http://www.læringsmiljøsenteret.no)
- [www.fubhg.no](http://www.fubhg.no)
- [www.udir.no](http://www.udir.no)

## Vedlegg 1

### RELASJONSHJERTE (fyrst for deg sjølv, deretter delar du det i gruppa di)

Alle vaksne på basa får eit slikt ark. Du skal plassere namnet på barna på basa di på arket, i høve til kva relasjonar du føler du har til kvar enkelt barn. Viktig at ein er ærlege med seg sjølv. Innerst set de dei som de synes de brukar mykje tid på, har gode relasjonar til, kjenner godt og som er trygge på dykk. I det kvite hjertet plasserer de dei som de har et ok forhold til, og grei relasjon til. Utanfor hjertet set de dei som de ikkje får heilt taket på, dei som triggar deg, dei du brukar lite tid på og kanskje du ikkje føler du kjenner dei godt nok.  
Etter du har fylt ut dette tek de opp dette felles i basa etterpå og ser korleis «ståda» i barnegruppa er, kva du eller de bør jobbe med vidare.



## Vedlegg 2

# Bekymring



Barn:	Fødd:
Pedagogisk leiar (ansvarleg for oppfølging):	
Dato meldt inn:	Kven er drøftingspartner:

**Kva er ufordringa, bekymringa, hendinga:**

**Forslag til tiltak utprøving, observasjonar etc:**

**Frist for evaluere tiltaka/observasjonane:**

**Fortsatt ei utfordring/bekymring ? kva er vegen vidare.. (er foreldra informerte, tek ein kontakt med vidare instansar, FLS?)**

---

Dato

Underskift



## VANYLVEN KOMMUNE



### Aktivitetsplan etter barnehagelova § 41-43

Namn på barnehage: \_\_\_\_\_

Namn på barnet: \_\_\_\_\_

Melding gitt til barnehagen: \_\_\_\_\_ den \_\_\_\_ / \_\_\_\_ 20\_\_\_\_

Oppstartsdato: \_\_\_\_\_ den \_\_\_\_ / \_\_\_\_ 20\_\_\_\_

Desse møtte: \_\_\_\_\_

*Viser til (barnehagelova) som skal sikre at barn har eit trygt og godt barnehagemiljø. I denne samanheng gjeld omgrepene barnehagemiljø at barnehagebarn skal ha eit godt psykososialt miljø.*

Kva er utfordringa, bekymringa:

Dette opplever foreldra:

Dette opplever barnehagen:

Etter Grunnloven § 104, barnekonvensjonen art 3 og 12 skal barnet bli høyrt. Barnet fortel at.....

Tiltak	Kven	Når

Evalueringstidspunkt/neste møte: \_\_\_\_\_ den \_\_\_\_ / \_\_\_\_ 20\_\_\_\_